


# Fjågesund Posten

Nr. 3 september 2013



## INFO FRÅ FJÅGESUND IDRETTSLAG

Kviteseid kommune skal lage ny kommunedelplan for idrett og friluftsliv. Alle idrettslag, skyttarlag, jeger og fisk og turlag i kommunen har blitt bedt om å kome med innspel til denne planen. Det skal også vere med representantar for barn, funksjonshemma. Arbeidet med ein slik plan er med og set føringar for satsing på idrett og friluftsliv i åra som kjem.

I Fjågesund Idrettslag må me lage ein strategiplan og ein handlingsplan som skal vera førande langt fram i tid. Denne kan bli viktig bl.a når vi skal søkje om midlar.

Styret ynskjer derfor innspel frå bygdefolk kva de tenkjer om dette. Kva vil vi? Skal vi oppdatere, har vi bruk for noko nytt? Døme: anlegg, utstyr, løyper, turstiar, skjotebane etc. Tenk mange år fram i tid og tenk attraktive aktivitetar ift. innbyggartal, alder og fysisk aktivitet.

Send skriftlege innspel til:  
Kjersti, Ole Jonny eller  
**[fjaagesund.idrettslag@gmail.com](mailto:fjaagesund.idrettslag@gmail.com)**  
innan 13 oktober.



# ELGJAKTA STARTAR 25. SEPTEMBER

God jakt!



## EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

**Fredag 4. oktober kl 17.45** i Fjågesund Idrettslag, på grendehuset. Saker: val av ny kasserar.

## DISCOTEK

**Fredag 4. oktober kl 18.00 til 21.00**

for alle på grendehuset. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Ta fram danseløva i deg og KOM!

(Det er også mogleg å site i gangen og prate.)

Vi vil gjerne at du kjem!!!


Arr: Fjågesund IL.



# Konsert

Jon Anders Halvorsen

Kveding



**Anders Røine** - langeleik, gitar og munnharpe  
**Daniel Sandén-Warg** - hardingfele, fele, moraharpe og gitar

## Omtale av CD'n "Komme no heim"

**Varden:** Kulturbevaring av høyeste klasse. En ren fryd. (Terningkast 6)

**Telemarkavisa:** Vi vil bare høre mer! (Terningkast 5)

**Bladet Folkemusikk:** Eit emosjonelt leksikon – her får komikk, vemod, kåtskap, fyll og gudstru blande seg. Ei fantastisk plate!

Støtta av Norsk kulturråd.

Foto: Runhild Heggem, Andreas B. Johannesen

---

Fjågesund grendehus  
onsdag 9. oktober kl 19.00  
Billettsal i døra, pris 150 kroner

**TUR TIL KÅSA-LANDET**  
Sondag 13. oktober kl 11.00.

Felles gå/sykle/køyre-tur frå grendehusplassen ut Bergstovegen til Kåsa-landet. Der blir det bål-fyring! Ta med: pølser, drikke og sitjeunderlag. Atterhald om vær.

**GUDSTENESTE I FJÅGESUND KYRKJE**  
Sondag 27. oktober kl. 11.00

Dåp v/Geir Valle. Dette er Valle siste gudsteneste før han sluttar i Kviteseid.


# DISCOTEK

**Fredag 1. november kl 18.00 til 21.00**

for alle på grendehuset. Vi prøver igjen med sosialt samver. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Ta fram danseløva i deg og KOM til variert dansemusikk! (Det er også mogleg å site i gangen og prate.)

Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr: Fjågesund IL.




# BASAR

**Sondag 3. november kl 13.00**

På Fjågesund grendehus.

- Lykkehjul.
- Trekking av basarbøker.  
Hovedgevinst gavekort 3000,-
- Sal av kaffi, kaker, pølser og brus.

VELKOMEN!



Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)

Fjågesund IL er på Facebook